

## Eit felles kunstnerisk prosjekt



Eg arbeider på Dagsenteret på Rostadheimen, men ikkje den dagen i veka då drama står på programmet. Då dramagruppa til Elisabeth bestemte seg for at dei ville ha framsyning av "*Historien om en ferge og en brø*", fann dei óg ut at dei trong fleire aktørar i spelet. Dette var utpå vårparten ein gong og gruppa hadde hatt drama sidan i fjor sommar. Så vart det øvingar både den eine og den andre dagen slik som det gjerne blir den siste tida fram mot sjølve framsyninga. Dermed var det fleire og fleire som fekk vere med på øvingane og jammen var det ikkje roller til alle.

På Rostadheimen er det å sette opp spel like gammalt som Rostadheimen sjølv. Før Asbjørn, Bjørg, Steinar, Gunvor, Jan Erik, Tore, Gunnstein, Eva, Rune, Torbjørn og sikkert fleire før mi tid flytta, hadde vi minst tre

spel i året. Berre til jul kunne det vere to til tre spel. Så var det til jonsok og til haustfesten.

For oss som kom med i gruppa no i vår forstod vi at dette var ein heilt annan måte å drive teater enn det vi har vore vane med. For mange var det ein uvant prosess dette. Her er noko som vart sagt under øvingar den siste tida: "*Sist veke sat eg på den sida, no skal eg sitte her.*" - "*Skal eg vere med å synge og? Eg trudde eg berre skulle ha eit musikkinnslag*" (instrument) "*Elisabeth, eg har ingen replikk.*" Elisabeth: "*Men bare finn på noe. Vi er på kaien, vet du. Og det er morget*".

Vi forstod at spelet oppstod i dette samspelet. Elisabeth seier : "*Det har vært et sterkt fokus for dramagruppen å lære seg improvisasjonens og spontanitetens kunst. Det*

*er en kunstart som er svært utfordrende, og meget lærerik.."*

Laga vi ei form i lag som f.eks ei kystlinje eller ein fjord og ein av oss gjorde noko uventa, kom det: "*Oi, det var bra!*" Og så vart forma endra. Eller regissøren kunne sei: "*Ikke glem det du gjorde der til neste øving*".

*"Det aller aller viktigste for meg når jeg lager et slikt skuespill er at det ikke er et tiltak eller en "aktivitet" for beboerne, men et felles kunstnerisk prosjekt der vi alle er skuespillere (eller musikere, eller kulisser) der vi er likestilt,"* seier Elisabeth

Dei siste vekene var øvingane i låven til naboen vår Lars Garnes. Og den siste veka kom alt på plass som flittige hender hadde samla inn og laga:- dei flotte tova måsane i taket, damplokomotivet og Hauskyrkja, den fantastiske ferja på hjul, rytmeinstrumenta og ferjedur på boks, kasser og mjølkespann og tiner. Og i tillegg :

ein fandanivolsk bilkøyrar med skrikande ungar i baksetet på vei til ferja på Garnes (ungane var usynlege "for det blotte øye" men kunne godt høyrast), ein som i sin kjærleik til

naturen og alt som rører seg der er opphavsmann til spelet. og som hadde rolla som seg sjølv og litt som ei ørn, to eldre menn på kaien på Haus som knapt har gjort noko anna enn å stå der å fylgje med på ferja som gjekk fram og tilbake, ei dame i skjørt pynta med måsar som las poesi til svermande ungdommar på sykkel, ei som tok oss med på ein svingande song om å losse bananer frå ein kai på den andre sida av kloden, ei som med sin toradar fekk hælane til å lette frå grusen på kaien, ein som inntok rolla som ferjebill-ettør som ingen kan gjere han etter, ein som styrte natt og dag ved hjelp av pærer med lys, ein italiengar eller var det ein indar som song ei nynorsk kjærleiksvise og spelte på eit instrument ingen av oss har høyrte maken til, ein som tromma og var Kong Harald på besøk på Rostadheimen, den unge guten på kaia som får halde i sykkelstyret til jenta han har så kjær. (O´ sykkelstyre, o´ kjærlighet!) ei som spelte gitar og var jenta den unge guten sverma med, og ein som var med i spelet når han sjølv ville og det var heilt i orden. Og ikkje å gløyme ein regissør som heile tida var på kaien og fortalde historia og losa oss hit og dit.

Takk til Elisabeth som førte oss inn i eit leikande spelestykke der vi alle har fått øve oss i å improvisere og vere spontane.

Irén Kleiven